

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 12.04.2005 **Tid:** 15.00-18.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7 , inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Thomas Moss

I staden møtte:

Vidar Rolland

Andre som var tilstade på møtet: Kulturkonsulent Tysseland og ass.administrasjonssjef Våge.

Merknader:

- Magda Haugen var ugild under sak 03/05.
- Leiar i utvalet Liv Berit K. Khadoor forlet møtet under handsaming av sak nr. 04/05. Magda Haugen leia møtet i hennar stad.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 15. april 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

- **Geir Markhus** stilte spørsmål om opningstidene ved Gjenbruksstasjonen til BIR på Raunekleiva. Som ei prøveordning er det no opna for søndagsope. Adm. Orienterte om at ordføraren har teke dette opp med BIR. Geir Markhus vil be om at dette spørsmålet vert teke opp i Naturutvalet. Han kontaktar Idar Reistad om saka.
- **Nils Gåsda** stilte spørsmål om framdrifta av planarbeidet kring arbeidet med funksjonshemma. Han var særskilt oppteken av tilrettelegging av bustader. Adm. orienterte utvalet om framdrifta i planarbeidet.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

1. Oppvekst og omsorg sluttar seg til at val av nytt medlem til styret for Stiftinga Tomas Nordvik vert gjort i meldingssak i møtet 12.04.05. Johannes Tysseland går ut av styret. Følgjande nye representantar vert valt til stiftinga Tomas Nordvik;
 - Fast medlem; Audhild Olsnes vert fast medlem i stiftinga.
 - Varamedlem; Hjørdis Tysse
2. Kulturkonsulenten orienterte om status for flytting av Stolpane skulehus. Arbeidsgruppa skal ha møte i næraste framtid og vil utarbeide eit referat til kommunestyret om status og kostnad for prosjektet.
3. Høringsuttale – ”lov om råd eller annen representasjonsordning i kommunar og Fylkeskommunar for personar med nedsett funksjonsevne” Samnanger kommune har i uttale datert 08.03.05 ikkje planar om å opprette eller organisert råd for unge funksjonshemma i Samnanger.
4. Bassenget på ungdomsskulen kjem opp som sak i PØ og kommunestyret 28 april.
5. Ass.adm.sjef orienterte om barnehageopptaket for 2005-06.
6. Ass.adm.sjef orienterte om opning av kulturstien og markering av unionsoppløysinga den 4 juni.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0003/05	03/00410 VEGNAMN I SAMNANGER - GODKJENNING AV FORSKRIFT OG VIDARE ARBEID
0004/05	05/00073 KULTURMIDLAR 2005.

0003/05

VEGNAMN I SAMNANGER - GODKJENNING AV FORSKRIFT OG VIDARE ARBEID

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Det vart sett fram eit fellesframlegg til mandat, som vart samrøystes vedteke.

Saka bør vera ferdig handsama i administrasjonen og klar til politisk handsaming innan april 2006.

Vedtak:

1. Samnanger kommune sluttar til forskrift for vegnamn § 2.pkt. 3. Utvalet ønskjer oversikt over vegar som fell utanfor forskrifta sine kriteria, for å vurdere desse særskilt.

2. Utvalet som vart oppnemnt i kommunestyresak 44/04 arbeider vidare med plan for adressering og namnsetjing av vegar i Samnanger kommune. Dette utvalet skal:

- Vera styringsgruppe for det arbeidet administrasjonen skal gjera for å arbeida fram eit plandokument i saka.
- Koma med framlegg til namnsetjing av vegane på grunnlag av "Forskrift – adressesdeling og namnsetjing av vegar i Samnanger kommune".
- Arbeida med finansiering mellom anna med å finna andre aktørar som kan vera med å yta økonomisk støtte for gjennomføring av prosjektet.
- Følgja framdriftsplanen som administrasjonen har laga i høve arbeidet med saka.

Saka bør vera ferdig handsama i administrasjonen og klar til politisk handsaming innan april 2006.

0004/05

KULTURMIDLAR 2005.

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonssjefen.

Handsaming i møte:

Magda Haugen sette fram følgjande framlegg; "Søknad om gåvepremie til Bjørnefjorden skyttarsamlag; Utvalet yter midlar gjennom kulturmidlane m.a til Tysse skyttarlag. Utvalet kan difor ikkje yta midlar til gåvepremiar til Bjørnefjorden skyttarlag."

Leiar i utvalet Liv Berit K. Kadoor forlet møtet under handsaming av sak nr. 04/05. Magda Haugen leia møtet i hennar stad.

Utvalet handsama innkomne søknader og vedtok samrøystes tildelinga slik det går fram av vedtaket.

Vedtaket:

Tildeling av kulturmidlar for 2005	Tildelt 2005
1.1500.3770.4701: Tilskot til song og musikk kr 40.000	
Tysse/Nordbygda musikklag	20 000
Samnanger skulemusikklag	15 000
Samnanger barnekor	3 000
Eilert Tøsse	2 000
Sum	40 000
1.1500.3803.4701: Tilskot til idrettsarbeid, kr 75.000	
Samnanger idrettslag	67 000
Tysse skyttarlag	4 000
Samnanger Jeger og Fiskerlag	4 000
Sum	75 000
1.1500.2310.4701: Tilsk. Barne- og ungdomsarbeid, kr 85.000	
URD ul	10 000
Nordbygda ul.	35 000
I/S Vonheim	6 000
Tveit ul.	6 000
Arbeidstove, Nordbygda	2 000
Samnanger jentelag	2 000
Samnanger gutalag	2 000
Samnanger søndagsskulelag	2 000
Soul survivor, Samn. Kyrkjelyd	10 000
Kul.sk.råd,barnas festspilldag	0
Den kulturelle skulesekken	10 000
Sum	85 000
1.1500.3851.4701: Tilsk. Forsamlingshus, kr 0	
Nordbygda ul.	0
I/S Vonheim	0
URD ul.	0
Tveit ul.	0
Samnanger indremisjon	0
Samnanger Røde Kors	0
Sum	0
1.1500.3854.4701: Øvrige kulturføremål, kr 20.000	
Røde Kors, Besøksteneste	5 000
Samnanger Røde Kors	5 000
Samnanger historielag	3 000
Vonheim Revy og Teaterlag	5 000
Samnanger Pensjonistlag	2 000
Rolvsvåg Turlag	0
Skuleboknemnda, Studentmållaget Oslo	0
Sum	20 000